

## Sykkeltjuvar

**SANDANE:** I løpet av natt til onsdag vart det stole to sykklar frå ein privat garasje på Sandane. Forholdet er anmeldt og vil bli etterforska av politiet. Dei ber om aktuell informasjon frå publikum.

## Fekk nesten 42 millionar i stønad

**LEIKANGER:** I 2007 fekk reiselivet i Sogn og Fjordane heile 41,7 millionar i offentleg stønad. Det plasserer fylket på ein sjuandeplass på lista over alle fylka i landet, skriv Firdaposten. Nordland er fylket som fekk mest i offentleg stønad med 92,6 millionar. Tala stammar frå ein rapport bestilt av nærings- og handelsminister Sylvia Brustad. Rapporten viser at samla sett fekk reiselivsnæringa i Noreg nesten 1,1 milliardar kroner i offentleg stønad i 2007.

## Nye midlar til hjort

**LEIKANGER:** Bioforsk har fått 10.000 kroner frå Fylkesmannen til slutføring av prosjektet Kostar hjorten meir enn han smakar?

## Meir til hjortemerking

**LEIKANGER:** Fylkesmannen tildeler i første omgang 80.000 kroner til merke- og utviklingsprosjektet hjort- Hordaland og Sogn ved Bioforsk økologisk. Fylkesmannen vil til hausten vurdere om det er midlar til ytterlegare stønad til prosjektet. Det vert sett som vilkår at Fylkesmannen får tilsendt rapport om tiltaket og bruken av midlane og at dei vert orientert om framdrifta i prosjektet.



**LEIARGRUPPE:** Neste år startar den første ekspedisjonen med ungdommar som deltakarar, i år blir leiargruppa kursa i Sogn.

# Breprosjekt starta opp i Fjærland

■■ Norsk-britisk samarbeid

■■ Leiarar blir kursa

**FJÆRLAND:** Eit storstila prosjekt for å overvaka Tunsbergdalsbreen er i anmarsj. I desse dagar skal eit lag på 19 personar ta turen til breen og førebu den første ungdomsekspedisjonen neste år.

Prosjekt Tunsbergdalsbreen er ikkje berre eit reint overvakingsprosjekt. Ein svært viktig del er målet om å bevisstgjera ungdom i høve til klimautfordringar, og å gje dei naudsynt kunnskap om klima og klimaendringar. Ein stor brearm i Noreg skulle vera ein god læringsarena.

– Dei som er her no kjem til å verta gruppeleiarar som forpliktar seg til å vera med minst eitt av dei neste fem åra, seier prosjektleiar Karen Weichert.

### Seminar

Laget består av 16 britiske og tre norske deltakarar. Tysdag

var nesten samtlege samla til eit seminar på bremuseet i Fjærland. Seinare skal dei ha eit tryggleikskurs på Nigardsbreen. Ekspedisjonsgruppa skal sidan ta seg fram til breen via Snøtun i Krundalen.

Det heile starta med briten John Price, og han er no igjen på plass i Fjærland. For 50 år sidan deltok han i ein britisk ekspedisjon til breen, og i 2006 kom han attende til Noreg med flotte bilete frå turen den gong. Sidan han fekk ideen om eit nytt prosjekt med fokus på ungdom har snøballen byrja å rulla. Opplegget har fått støtte frå Klimaløftet og Price er blitt reine fjærlandsambassadøren. Prosjektet har knytt til seg store aktørar i Storbritannia.

### Rekrutterte barnebarn

I år har han med seg barnebarnet Grant MacDonald (20) som studerer geografi ved Universitetet i Edinburgh.

– Han har fortalt mykje om Noreg og turen hit, seier MacDonald, som er frå Newcastle.



**ARVTAKAR:** Grant MacDonald (20) er barnebarn til initiativtakar John Price. No vil han følgja opp arbeidet bestefaren har starta.

– Eg vil halda fram med arbeidet til bestefar, og kanskje koma tilbake hit om 20–30 år, seier MacDonald og smiler.

Tunsbergdalsbreen er ein stor brearm til Jostedalsbreen og ligg noko utilgjengeleg til.

For eitt år sidan fann den aller første førebuande ekspedisjonen stad, då det vart laga målepunkt for å kunne overvaka brerørslene frå år til år.

Keth Øren  
keth.oren@sognavis.no

## Nye fysioterapeutar i Årdal

**ÅRDAL:** Måndag førstkommande tek tre nye fysioterapeutar til i Årdal. Kristine Loftesnes er tilsett i fast stilling og vil ha kontorstad i helsehuset i Øvre, medan Annette Memelink Iversen er tilsett i eit vikariat fram til september 2010. Ho er fysioterapeut for vaksne. Guro H. Solberg er turnusfysioterapeut og skal vera i kommunen ut november, melder Årdal kommune på sine heimesider.

## Mørke tider for Lærdal

**LÆRDAL:** Det er mørkt på Øyri for tida, spesielt om kveldane, ettersom gatelysa er ute av drift. Lærdølene får vonleg snart sjå lyset att, men det kan ta nokre dagar, opplyser kommunen på sine heimesider. – Me orsakar ulempene og har bestilt nye delar til lampene, en me veit ikkje heilt når dei kjem, seier kommunaltekniske tenester.

## – Sjekk ungene denne veka

**LEIKANGER:** Hovudlus er eit irriterande – men vanleg – problem i skular og barnehagar. Folkehelseinstituttet oppmodar foreldre om å sjekka ungene sine for lus kvar månad, og sommar-månadene er ikkje noko unntak. No vil òg Apotekkjeda Apotek 1 ha folk med på eit krafttak mot hovudlus, og dei ber foreldre sjekka alle barnehage- og skulebarn siste veka før skulestart. – Viss alle foreldre sørgjer for å sjekka ungene no før skular og barnehagar opnar att, kan me kanskje få ein tilnærma lusefri start på skuleåret. Jo fleire ungar som er lusefrie når skulen og barnehagane startar i august, jo betre, seier farmasøyt og direktør for Apotek 1, Margrethe Sunde, i ei pressemelding.